

ÅRSMELDING 2022

ImF Sunnmøre med avdelingar

Tema

«Invitert»

Leiar - INVITERT



Invitert, det er vi alle. Invitert til å ta del i frelsa, til å leve med Gud. Med årets tema for Årsmøtehelga, ynskjer vi å minne om nettopp dette, at vi har invitasjonen open og ståande - berre til å ta imot som ei gåve. Vi ser også ei dobbeltheit i dette temaet, og inviterer deg som les dette til å vere med i Indremisjonsfamilien på Sunnmøre, vi inviterer til årsmøte der du kan få kome og delta, kome og dele dine meiningar og innspel med oss. Vi inviterer til kommunikasjon om det som er det viktige, nemleg oppdraget vårt, vidare med Jesus. Vi inviterer deg til å kome med dine innspel og tankar til kva vi bør gjere i arbeidet for å fremme Guds rike på Sunnmøre, her vi bur.

Er det noko vi frå organisasjonen kan bidra med, så inviterer vi i alle fall deg til å kome med innspel til oss, og så håper og trur eg at vi saman kan kome vidare og få formidle den store invitasjonen til festen i Himmelen. I den samanhengen er det vel greitt å minne om likninga i Lukas 14, 15-24 om det store gjestebodet. Eg tek med vers 22 og 23: **Tenaren kom att og sa: 'Herre, eg har gjort som du sa, men det er enno rom.'** **Då sa herren til tenaren: 'Gå ut på vegane og stigane og nøyd folk til å koma inn, så huset mitt blir fullt.** Det er denne invitasjonen vi som misjonsfolk og organisasjon skal vere med og bere vidare til nye, og igjen til dei som har høyrte, men ikkje tatt imot.

Hjarteleg velkomen til Årsmøte og sommarfest også i 2023!

Sigurd Nybø

-Styreleiar-

Velkommen til sommerfest!



Tema for årets sommertreff/årsmøte er invitert. Det er nok noe vi alle har opplevd flere eller mange ganger, å bli invitert. Det er stort sett en positiv opplevelse å få en invitasjon. Jeg håper du også opplever denne invitasjonen slik. For også dette året har styret i ImF Sunnmøre bestemt at vi skal gjennomføre årsmøte og sommarfest på en og samme helg som så mange ganger tidligere. Det betyr en hektisk og innholdsrik helg. Vi starter fredag kveld med eget program for ungdommene og forsetter lørdag med årsmøte og tilbud til barna. Som avslutning lørdag kveld vil vi både få lytte til sang og få være med å syngje selv. Søndag blir det storsamling for hele familien og et stykke ut i møtet deler vi oss i to avdelinger.

Dette året er vi så heldige å få med Joakim Solbakken fra Laget som taler. Arild Berstad med team vil lede lovsang/allsang. Ståle og Rune vil med sine medhjelpere dra oss med i allsangkveld og Morten Samuelsen blir med som sanger. Våre egne arbeidere på ungavdelingen vil gi barna en flott opplevelse gjennom helga.

Du er herved INVITERT!

VELKOMMEN!

Johan Halsne
Krinsleiar

SAKLISTE

1. Konstituering:
 - a) Val av møteleiar
 - b) Val av person til å føre møtebok
 - c) Val av to personar til å skrive under møtebok
 - d) Val av referentar
 - e) Tale- og stemmerett
2. Årsmelding for 2022
3. Rekneskapen for 2022
4. Val av:
 - A. 4 styremedlemmar
 - B. 4 varamedlemmar
 - C. Valnemnd for neste år
5. Revisor for krins og avdelingar
6. Årsmøtegåva
7. Meir misjon - fornya organisasjon. Orientering om status i arbeidet om organisasjonsprosessen og invitasjon til gruppearbeid for framtidig struktur. ca. 50 min.
8. Samtale og spørsmål om arbeidet ca. 25.min
9. Stad for årsmøtet 2024

Til sak 4A, val av 4 styremedlemmar

Fylgjande går ut av styret:

Leif Steinar Alnes, kan ikkje attveljast
Linda Austnes, kan attveljast - tek ikkje attval
Mathias Riise, kan attveljast - tek attval
Odd Kåre Naalsund, kan attveljast - tek attval

Frå før sit desse i styret:

Sigurd Nybø, Sjøholt
Benjamin B. Anda, Valderøya
Solveig Stenerud Monsen, Sjøholt

Forslag frå valnemnda:

Mathias Riise, Ulsteinvik
Odd Kåre Naalsund, Vigra
Ole Per Storhaug, Stette
Lasse Molnes, Ellingsøy

Til sak 4B, val av varamedlemmar til styret

Forslag frå valnemnda:

Anne Maren Bø Aarseth, Ellingsøy
Linda Austnes, Godøya
Jenny Humblen, Blindheim
Kåre Magne Remmen, Godøya

STYREKANDIDATAR



Riise, Mathias (Ulsteinvik)

69 år, gift. Kaptein i Norled. Mange år styremedlem i Volda indremisjon, og Ulsteinvik indremisjon. Medlem i krinsstyret siste 2 år.



Naalsund, Odd Kåre (Vigra)

57 år, gift. Lærar. Aktiv i arbeidet i Vigra indremisjon. Medlem i krinsstyret siste 2 år.



Storhaug, Ole Per (Stette)

64 år, gift. Arbeider på Tine Ålesund. Har vore med i søndagsskulen både lokalt, på kretsplan og vara i landsstyret. Har vore i krinsstyret tidigare og vara siste året.



Molnes, Lasse (Ellingsøya)


46 år, gift. Tømrar, engasjert i husstyret på Ellingsøy bedehus. Er med i styret for Orreneset Misjonssenter, har vore 1.vara i krinsstyret siste året.

VARA



Aarseth, Anne Maren Bø (Ellingsøya)

34 år, gift. Utdanna sjukepleier, jobbar som miljøterapeut. Hovudleder for søndagsskulen på Ellingsøy bedehus. Har alltid vore engasjert og aktiv med div. barne- og ungdomsarbeid, frivilligheit og generelt meningheitsarbeid.



Austnes, Linda (Godøya)

60 år, gift. Sjølvstendig næringsdrivande og dagleg leiar for «Inn på TUNET» eit tilrettelagt gardstilbod for born og unge. Har hatt styreverv for Godøy indremisjon, Brusdalsheimen, Orreneset og ImF Sunnmøre. Medlem i krinsstyret siste 4 år.



Humblen, Jenny Anna Maria Erikson (Humla)

49 år, gift. Jobbar på Tryggheim barnehage Åse. Har vore barne- og ungdomsarbeidar i Blindheim og Hatlehol indremisjon. Har vore 3.vara i krinsstyret siste år.



Remmen, Kåre Magne (Godøya)

54år. Jobbar som matros. Tidlegare leiar for Godøy indremisjon. Har vore 4.vara i krinsstyret siste år.

Årsmelding ImF Sunnmøre 2022

ImF Sunnmøre er ein fri lekmannsorganisasjon tilslutta Indremisjonsforbundet, og vårt motto er «Med Guds Ord til folket».

ImF Sunnmøre vart stifta i 1882, og dette er soleis årsmelding 141 for krinsen. Styret vil med dette legge fram eit samandrag for verksemda i 2022.

HEIMLOV

Vi vil starte med å minnst dei misjonsvenene som gjekk heim til Herren i året som ligg bak. Sjølv om vi ikkje finn det rett å ta fram einskildpersonar vil vi likevel streke under at vi er takksame for den truskap og støtte desse har vore i misjonsarbeidet.

Den kristne vona gir håp i møte med døden, Apostelen Peter seier det slik i 1. Pet.1,3: «Lova vere Gud, våre Herre Jesu Kristi Far, som etter si store miskunn har atterfødd oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.»

Vi lyser fred over gode vener sitt minne.

TANKAR OM ÅRET 2022 OG SITUASJONEN I LANDET VÅRT

Året 2022 vil gå inn i historia som det året der vi opplevde det utenkjelege i Europa, at vi skulle oppleve krig og krigen sine grusomheite like ved vår landegrense. Etter at to år med store begrensningar knyta til Covid stort sett fekk sin slutt i mars, var krigen mellom Ukraina og Russland eit faktum. I vår region har eit antal flyktningar kome frå Ukraina, mest kvinner, barn og eldre, med sine menn tilbake i krig og krigssone. Vi er glade for at enkeltpersonar og forsamlingar har stilt opp med hjelp på ulike område. Mange av dei som har kome, har og ei levande tru som dei ber med seg i sine liv. Tross i språkvanskar er det flott å kjenne "velsigna band som bind saman", og at nokre forsamlingar har klart å innlemme våre brødre og søstre frå Ukraina i våre forsamlingar. Som følge av nemnte krig fekk vi og lærdom og erfaring av kraftkrise. Følgene av dette er stigande straum, gass -og drivstoffprisar. Dette påverkar matprisar, rente og meir. I eit land som ikkje veit kva resesjon er lengre oppleve vårt folk noko heilt nytt.

For ImF Sunnmøre var 2022 året då vi hadde eksistert i 140 år. I den anledning hadde vi to enkle markeringar. Ved å lese historia til organisasjonen blir ein fylt med ærefrykt for dei kvinner og menn som starta og dreiv arbeidet fram, dette er og til lærdom og inspirasjon for oss som får den Guds nåde å tene i vår tid. I utgangspunktet var ikkje ressursane så store, årsmeldingane melder dei første åra stort sett om underskot. Tross dette vaks misjonen. Der var ei Åndens kraft til stades som gav frimodigheit, oppfinnsomheit og omsorg som vi må be fram og i vår tid.

Når vi skriv årsmelding for det 140-årige virkeåret for ImF Sunnmøre, kan det være fristande å skrive som så ofte før, eit år på det jamne. Det vil være feil. På nokre område opplever vi ting som gled oss: Awana, forsamlingane med stort innslag av unge, bibelkurs som er godt besøkt, god søkning til våre barne- og ungdomsskular. Likevel må vi erkjenne at vi i alt for liten grad når den vaksne og eldre del av sunnmøringane som ikkje trur på Jesus. Der er og visse område som er meir utfordrande enn andre, her må vi be om visdom, kraft, mot og utrustning for å gjere Jesus kjent. Det er og ei kjensgjerning at myndighetene gjer det vanskelegare, både økonomisk og på eit kristent verdigrunnlag å drive kristne grunnskular. Her må vi bruke dei ulike kanalane vi har for å påverke beslutningar som blir tatt.

UNDERAVDELINGANE VÅRE

ImF Sunnmøre får lov å stå i eit rikt og samansett arbeid der vi når menneske i alle aldrar og livssituasjonar. Vi er djupt takksame for dei mange underavdelingane våre og dei mange som tenar Herren Jesus gjennom desse. Alle desse har levert eiga årsmelding som ligg vedlagt, men vi vil i takksemd nemne kvar einskild her:

Orreneset Misjonscenter og Brusdalsheimen

Dei to leirstadane våre er gode arbeidsreiskapar for å nå menneske med evangeliet.

Både på Brusdalsheimen og Orreneset er det vanlegvis stor aktivitet og mange menneske er innom. Begge stadane er det mange trufaste frivillige som stiller opp på dugnad. Vi takkar kvar einskild for truskap i tenesta. På Orreneset er Anbjørg Bårnes framleis dagleg leiar, på Brusdalsheimen har Tetyana Grynyk og Roman Koval gått inn som styrarpar, noko som vi er svært takksame for.

Radio Sunnmøre

Radio Sunnmøre er den største talarstolen vi har i arbeidet vårt i ImF Sunnmøre. Ei lyttarundersøking syner at det på Sunnmøre no er 9000 faste lyttarar kvar veke. I tillegg kjem dei som høyrer på radioen via internett andre stadar i landet. Dette er nesten ei dobling av antal lyttarar i løpet av eit år. Gjennom sine sendingar når radioen ut til svært mange menneske, både på Sunnmøre og elles utover landet. Ja vi har også lyttarar som høyrer på via internett over heile verda. Mange gjev uttrykk for stor takksemnd for radiosendingane våre. Radio Sunnmøre sender no 24/7 gjennom appen Radio Player og på internettradio.

Dagleg leiar Ragnhild Kristine Vartdal Espelund er tilsett i 100 % stilling og Arild Ove Halås er tilsett i 50 % stilling som programmedarbeidar. Oddveig Molnes er frivillig programmedarbeidar. Ei stor takk til både tilsette og den store flokken av frivillige medarbeidarar i Radio Sunnmøre.

Fermate MØRE

Iris Vartdal Clausen har 40 % stilling som dagleg leiar, sjelesørgjar og kurshaldar. Jan Løkkeborg jobbar som frivillig sjelesørgjar. I 2022 hadde Fermate Sunnmøre MØRE 229 samtalar. Fermate er eit samarbeidsprosjekt med Normisjon.

Daggry barnehage, Valderøya

Daggry Barnehage har mange barn fordelt på 4 avdelingar. Dei nye lokala som sto ferdig i 2017 har gjeve barnehagen vår eit skikkeleg løft. Ei stor takk til styrar Kari-Lise Nordstrand og staben hennar.

Brukt og Nyttig

I 2022 blei det overført kr. 335 000,- til drifta av ImF Ung Sunnmøre frå Brukt og Nyttig, noko som er av svært stor verdi for både drift og økonomi i krinsen. Per Otto Hellevik er leiar av ein stor og flott stab av frivillige medarbeidarar. Vi vil seie ei stor takk til alle som er med i drifta av butikken på Valderøya.

Begravelsesbyrået Sunnmøre AS

Mange menneske som opplever livets tyngste tak i møte med døden, får både praktisk og åndeleg hjelp frå våre tilsette i Begravelsesbyrået Sunnmøre. Kjell Runar Stige er leiar av staben som totalt består av 4 fast medarbeidarar. Takk til alle dei tilsette for stor innsats også dette året.

Møre Barne- Ungdomsskule Ålesund

110 elevar frå 8.-10. klasse går på det som no heiter Møre Barne- og Ungdomsskule Ålesund i Hatleholen i tillegg til om lag 30 barn på barnetrinnet som no er under oppbygging. Takk til rektor Øysten Engås og personalet for innsatsen gjennom året.

Møre barne- og ungdomsskule Herøy

Skulen vår i Herøy har rundt 150 elevar frå 1.-10. trinn. Takk til rektor Asbjørg Muren Ulvund og til alle våre tilsette på skulen i Herøy.

Møre barne- og ungdomsskule Skodje AS

Ved skulen i Brusdalen er det rundt 80 elevar frå 1.-10. trinn. Takk til rektor Håkon Hovda og alle tilsette ved skulen vår i Skodje.

Ålesund Folkehøgskole

Folkehøgskulen vår har det siste året hatt 63 elevar. Takk til rektor Sven Wågen Sæter og personalet ved skulen for truskap i tenesta.

ImF UNG Sunnmøre

Mathias Lindgren Mulelid har vore administrativ leiar for barne- og ungdomsavdelinga i 30 % stilling. Med seg i teamet har han Marie Gudmestad, Hilde Sofie Blindheim Østrem, Hilde Giske Lukkedal og Kristine Solstad. Eit stort og viktig arbeid vert gjort både gjennom lagsarbeid og leiararbeidet i krinsen. Takk til både tilsette og frivillige medarbeidarar.

Plussreiser AS

Plussreiser var nok den av avdelingane våre som sterkast merka følgjande av pandemien. Ein dyktig stab under leiing av Aud Kindervåg Halsne har klart å berge selskapet igjennom denne store krise, og 2022 vart eit godt år for Plussreiser. Ikkje minst dei mange turane til pasjonsspelet i Oberammergau var ein viktig del av selskapet si drift dette året. Takk til ein dyktig og energisk stab for trufast teneste.

Johan R. Sunde AS

Butikken som ImF Sunnmøre overtok for eit par år sidan på Eidsnes på Sula har eit mangfaldig utval av reiskapar, maling, omnar og det meste som ein treng. Takk til dei tilsette ved Johan R. Sunde AS.

VERKSEMDA I KRINSEN

Forsamlingsbygging

Dette er eit tema som blir meir og meir aktuelt for bedehusa på Sunnmøre, og vi vil så sterkt vi kan oppmode om å gå for «forsamlingsmodellen» der det ligg til rette for det. Der eit bedehus er for lite til å starte slikt arbeid åleine, oppmuntrar vi til samarbeid mellom bedehus og andre organisasjonar. ImF Sunnmøre støttar dette arbeidet, og vil hjelpe til med kompetanse i planlegging og startfase så langt som mogleg.

Møteverksemd og forkynnarateneste

Igjen vil vi få uttrykke ei stor og varm takk til alle som tek ut i forkynnaroppdrag på fritida si, sjølv om dei fleste dette året fekk det meste av reiseruta si kansellert. Det er ein stor rikdom å ha frivillige forkynnarar, og vi gler oss til igjen å kunne sende arbeidarane våre ut. Vi vil be kristne brøyr og søstre om å vere frimodige i å dele vitnemålet i forsamlinga.

Vi ber om å få åndeleg syn til å sjå dei som har nådegåver til å forkynne, og oppmuntre dei. Lat forkynnarane få blomstre! Sjølv om dei fleste spørsmåla om forkynnarhjelp kjem via krinskontoret, er det framleis slik at ein del foreiningar tek direkte kontakt med forkynnarane, og det avlastar administrasjonen ein del. Samstundes gjer dette at vi ikkje har full oversikt over all verksemd som er på dei lokale bedehusa. Med atterhald legg vi fram denne oversikta:

Fylgjande forkynnar har vore i verksemd i 2022 i regi av ImF Sunnmøre:

Karl Arne Austnes, Ruben Austnes, Linda Austnes, Are Bakke, Jarle Berland, Kai Even Bjørdal, Oddrun Bjørdal, Anders Bjørnerem, Oddbjørn Brunstad, Helge Dimmen, Reidar Fiske, Svein Folde, Kjell Furnes, Hilde Gjengedal, Marie Gudmestad, Johan Halsne, Arild Ove Halås, Randi Fagerhol Lauvås, Gudrun Longva, Hilde Giske Lukkedal, Oddveig Molnes, Jostein Mulelid, Mathias Lindgren Mulelid, Odd Asbjørn Nybø, Sigurd S. Nybø, Kåre Magne Remmen, Solfrid Ulstein Riise, Kristine Solstad, Odd Christian Stenerud, Per Sævik, Ståle Tønnesen, Robert Uggedal, Anbjørn Walderhaug, Arvid Ødegård, Hilde Sofie Blindheim Østrem.

Frå Indremisjonsforbundet:

Irene Krokeide Alnes, Marit Stokken Berland, Erik Furnes, Aud Karin Kjølvik Ringvoll, Håkon Garvo, Petter Olsen

Andre som har vore med på møte:

Claus Muff, Einar Nymoene, Bjarte Ystebø, Astrid og Lars Reinlund, Eyund Jacobsen, Leif Jakobsen, Ingvald André Kårbø, Svein Prestigardi, Sara og David Åstrøm, Torolf Nordbø, Gro Hofseide, Tor Rødseth, Emilia Lindberg, Asbjørn Sivertsen, Roland Lindgren, Mads Pedersen, Carina D. Økland Pedersen,

Tilsette i administrasjonen i ImF Sunnmøre:

I administrasjonen er no tre tilsette. Johan Halsne har 100 % stilling som krinsleiar, Janne Støbakk har 80 % stilling som administrasjonsleiar og Arild Ove Halås er tilsett i 25 % som forkynnar og administrasjonsmedarbeidar.

Mannshelg på Brusdalsheimen

Denne helga blei avlyst på grunn av den siste bølga av Covid 19 pandemien.

Fellesmøte på Valderøy bedehus

17.-27.mars vart det arrangert fellesmøte på Valderøy bedehus. Lokale indremisjonsforeiningar i Giske kommune, Radio Sunnmøre og ImF Sunnmøre arrangerte desse fellesmøta. Talarar var Klaus Muff, Einar Nymoene, Arild Ove Halås og Johan Halsne. Mykje folk kom på desse møta.

Påskemøte

14.-16.april arrangerte vi påskemøte på Sjøholt Folkehøgskole. Bibeltimane var ved generalsekretær Erik Furnes og Arild Ove Halås, Sara og David Åstrøm deltok med song.

Kvinnehelg på Orreneset

22.- 24.april var det kvinnehelg på Orreneset. Solfrid Ulstein Riise var talar på denne helga. Tema var: «Den gode samtalen»

Årsmøte

Onsdag 8.juni vart det arrangert årsmøte på Ålesund Folkehøgskole der ein fekk gjennomført dei ulike formalitetane som måtte gjerast.

Krinsstyret

Det nye krinsstyret består av leiar Sigurd Sæverud Nybø (Sjøholt) Mathias Riise (Ulsteinvik), Odd Kåre Naalsund (Vigra), Linda Austnes (Godøya), Leif Steinar Alnes (Godøya), Solveig Stenerud Monsen (Sjøholt) og Benjamin Bjørnsen Anda (Valderøya).

Lasse Molnes (Ellingsøya), Ole Per Storhaug (Stette), Jenny Humblen (Blindheim) og Kåre Magne Remmen (Godøya) er vara.

Styret har i 2022 vore samla 7 gongar og handsama 52 saker.

I tillegg har krinsstyret som generalforsamling for Plussreiser AS, Begravelsesbyrået Sunnmøre AS, Johan R. Sunde AS og Møre barne- og ungdomsskule Skodje AS halde desse samlingane.

Krinsleiar og administrasjonsleiar er med på styremøta frå administrasjonen. Det er godt samarbeid og åndeleg samhold i krinsstyret. Å sitje i krinsstyret er både gjevande og eit stort ansvar. Vi takkar enno ein gong misjonsfolket for tillit, og ber framleis om forbøn for tenesta vår.

Odd Kåre Naalsund, Sigurd Sæverud Nybø og krinsleiar Johan Halsne utgjer krinsen sitt «Hyrde og læreråd».

Sommartreff

Aud Karin Kjølvik Ringvoll var hovudtalar på årets sommartreff 11.-12.juni på Ålesund Folkehøgskole. Øklands var med som songarar dette året.

60+ på Brusdalsheimen

I august gjekk årets 60 + av stabelen. Talarar var Astrid og Lars Reinlund. Takk til komitéen med Jostein Mulelid i spissen som står for desse samlingane!

Orrenesstemnet

Søndag 21.august arrangerte vi Orrenesstemne med Marit Stokken Berland og Jarle Berland som talarar, Kjell Furnes var med og hadde attersyn.

Song- og musikkhelg i Fosnavåg

For femte gong arrangerte vi Song- og musikkhelg på Thon Hotell Fosnavåg saman med Kristen Riksradio P7. Pandemien var over og vi kunne igjen fylle både hotell og konsertsal gjennom ei innhaldsrik festhelg.

Fakkeltog for dei forfølgde kristne

26.oktober arrangerte Åpne Dører fakkeltog i Ålesund sentrum til støtte for forfølgde kristne. ImF Sunnmøre er glade for å få vere med å arrangere denne viktige markeringa av dei forfølgde kristne sin situasjon. Vi avslutta med ei fin samling i Ålesund kyrkje.

Bibelkurs

I november arrangerte vi fire bibelkurs v/Johan Halsne og Arild Ove Halås på Blindheim bedehus og Møre barne- og ungdomsskule Herøy, det kom mange innom på desse kveldane.

140 års jubileum

Vi hadde to jubileumsfestar, Ålesund bedehus 1.desember og Herøy frikyrkje 2.desember. Generalsekretær Erik Furnes og Arild Ove Halås var med som talarar, Kjell Furnes hadde attersyn og Marit Stokken Berland og Irene Krokeide Alnes bidrog med song.

Julecruise

I samarbeid med Plussreiser arrangerte vi Julecruise 8.desember med båten Bruvik på fjordatur. Emilia Lindberg var med og hadde ein flott konsert.

Medarbeidarkonsert

Fredag 9. desember arrangerte vi konsert med Arvid og Raghild Pettersen m/venner på Blindheim bedehus.

Stjernerdyss

Dette året vart det arrangert fire Stjernerdyss rundt om på Sunnmøre.

ØKONOMIEN

Årsrekneskapen for ImF Sunnmøre syner eit overskot på kr. 205 349,-

Takk til alle dei trufaste gjevarane våre som er med på å halde misjonsarbeidet oppe gjennom gåvene sine.

TAKK

Styret vil takke alle som på ulikt vis står med oss i arbeidet i ImF Sunnmøre for at Guds rike skal ha framgong. Herren har utrusta og kalla deg, og vil løne deg rikt for din truskap i kallet.

Takk til alle medarbeidarane som har vore ute med Ordet gjennom vitnemål og song. Takk til medarbeidarane i alle underavdelingane våre.

Takk til Indremisjonsforbundet, Bibelskulen på Bildøy og andre krinsar for godt samarbeid i året som gjekk. Arbeidet vårt må vere prega av at vi har fått kall og anledning til å forkynne den gode budskapet. Vi må be om å få eige ein erobringstrong til å vinne nye for himmelen.

«Vi vil framleis vinne, utruste og sende menneske med evangeliet!»

Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! Han som ikkje visste av synd, har han gjort til synd for oss, så vi skal bli rettfærdige for Gud i han. 2. Kor 5, 20-21

Styret for ImF Sunnmøre

Sigurd Sæverud Nybø (leiar)

Leif Steinar Alnes (nestleiar)

Odd Kåre Naalsund


Solveig Stenerud Monsen

Benjamin Bjørnsen Anda

Mathias Riise

Linda Austnes

Lasse Molnes (1. vara)



Årsmelding ImF-UNG Sunnmøre 2022

ARBEIDSSTABEN:

Fylgjande personar har hatt arbeid i ImF-UNG Sunnmøre i 2022:

Mathias Lindgren Mulelid: administrasjonsleiar i avdelinga i 30 % stilling.

Hilde-Sofie Blindheim Østrem: 50 % stilling som barne- og familiearbeidar , morspermisjon fram til februar 2022.

Hilde Giske Lukkedal: barne- og familiearbeidar på timebasis våren 2022, og i 50% stilling frå hausten.

Marie Gudmestad: 100 % stilling som barne- og ungdomsarbeidar vår 2022 og reduserte ned til 50% stilling hausten 2022.

Kristine Solstad: barne- og familiearbeidar på timebasis.

LEIRARBEIDET:

I 2022 hadde vi planlagt 10 leirar.

I vårhalvåret vart det arrangert to WinterGames-leirar på Orreneset og to Minileirar på Brusdalsheimen. På grunn av litt få deltakarar og leiarar blei Gutteleiren korta ned med ein dag, Jenteleiren vart gjennomført som vanleg. I tillegg til leirane vi vanlegvis har vart det også arrangert ein ekstra dagsleir for 1.-4. klasse dette vårhalvåret.

Hausthalvåret vart gjennomført som normalt med fire leirar. Orrenesleikane og to minileirar gjekk som normalt, men det vart prøvd ei lita endring på leiren som tidlegare har vært kalt NightGames, denne leiren endra frå 8.-10. klasse til 8.klasse til 3.vgs. og vart no kalla TenLeir.

Dei som har alderen for leir, får tilsendt leirliv i posten 2 gongar pr. år, med leirprogram for halvåret og ei lita helsing. Vi sender ut dette til alle som har vore på leir dei 3 siste åra, og antalet har lagt på ca 400 eksemplar dei siste åra, så reklamerer vi for leirane på Facebook og Instagram, på heimesida vår og kunngjer det også på Radio Sunnmøre, brosjyrar på papir blir teke med i ulike samanhengar/arrangement og vi sender brosjyre til alle laga som er tilslutta ImF Sunnmøre, så vi håpe på denne måten at informasjon om leirane kjem breitt ut.

Leirarbeidet er fortsett eit viktig arbeid for å nå barna og dei unge med evangeliet. Vi er avhengige både av å få villige leiarar og barn som ynskjer å reise på leir. Vi oppfordrar foreldre til snakke saman og oppmuntre barn og venner av barna til å melde seg på. Vi får mange gode tilbakemeldingar frå foreldre, born og leiarar som opplever fine dagar og fint fellesskap på leir. Sjølv om vi skjeldan veit korleis den enkelte deltakaren responderer på det som vert forkynt så veit vi at Guds ord blir sådd, og det i ei tid der mange ikkje får høyre om Jesus utanom når dei er på leir. Vi opplever at det er endå viktigare enn før å vere tydelege og frimodige i å forkyne sanninga om menneske og Gud, for mange som kjem på leir veit svært lite om innhaldet i Bibelen frå før.

BARNEGOSPELFESTIVALEN

Det vart ikkje gjennomført Barnegospelfestival i 2022, vi jobbar med og undersøker moglegheita for å få til å arrangere Barnegospelfestivalen igjen i 2024.

LAGSARBEIDET

I 2022 begynte mange av laga som har hatt pause gjennom covid på igjen. Dette har gjort at vi i ImF-UNG igjen har fått mange spørsmål om å kome på lagsbesøk. Vi har gjennom 2022 hatt mange lagsbesøk på dei ulike laga knyta til ImF-UNG Sunnmøre

AWANA

Awana er eit verktøy for opplæring og disippelgjering av barn og unge som Indremisjonsforbundet lanserte i Norge i 2017. Awana er utvikla i USA, og blir brukt i over 120 land verda over i ulike kyrkjesamfunn og forsamlingar. Etter å ha vore i bruk i Fredheim Arena i Sandnes eit år, har alt materiell som har blitt oversett til norsk blitt tilgjengeleg for dei som ynskjer å starte opp Awana-lag.

Bibelundervisning – leik – smågrupper, alt dette er like viktig på ei Awana-samling. Barna skal ha det kjekt i lag, få le og leike seg. Grundig og systematisk bibelundervisning er den andre viktige biten, og som den tredje bolken har dei smågrupper. Her øver dei mellom anna på å lære bibelvers utenat, og så får dei arbeide i dei flotte bøkene som kvar enkelt deltakar får. Desse bøkene skal dei ha med og arbeide i heime, og på den måten blir dette ei hjelp til å snakke om trua også i heimen. I smågruppene skal barna bli sett, dei kan dele liv og be saman.

Vi har Awanalag på Vigra, Blindheim og Emblem. Det har ikkje blitt starta nye Awanalag tilslutta ImF UNG Sunnmøre i 2022.

KonFu

KonFu er vårt konfirmantarbeid som vi har saman med NLM region Nordvest, Misjonssalen Ålesund og Emblem Bedehusforsamling. Dette er eit tilbod for dei som ynskjer å konfirmere seg i ImF eller NLM sin regi, eller for dei som ønskjer seg eit supplement til den undervisninga dei elles får i andre samanhengar.

Våren 2022 hadde vi 28 konfirmantar frå rundt omkring på Sunnmøre. Av desse var det ti som konfirmerte seg på Emblem bedehus og tre på Skodje Bedehus. Hausten 2022 starta vi med eit nytt kull på 32 konfirmantar. Det er en god gjeng med ungdommar.

Vi er både stolte og veldig takknemlege for KonFu og den mulegheita det gir oss til å forme konfirmantane i ei veldig viktig tid i livet der ein tar mange val. I tillegg får vi bli kjent med konfirmantane og bygge relasjonar med dei, noko som er svært viktig og verdifullt! KonFu er eit flott arbeid og eit flott tilbod som vi er stolte av å kunne tilby.

NATT TIL 1. MAI GOSPEL

Laurdag 30. april ble det tradisjon tru arrangert Natt til 1.mai GOSPEL. Det vart ein fin kveld med songinnslag av Respons og andre ungdomar frå ulike plasser på Sunnmøre. Joakim Solbakken hadde apell, lovsongsteam frå Vigra, nattkafe og konkurransar i kjellaren etter møtet. Godt oppmøte.

PIT-STOP

21.-23. oktober arrangerte vi PitStop, denne gongen var det i Misjonssalen Ålesund. Karina Andersen skulle eigentleg tale denne helga, men måtte avlyse rett før på grunn av sjukdom, då steppa Marte Elvira Rolvsjord, Marie Gudmestad og Ole Os opp og hadde kvar sin andakt der evangeliet var i fokus. Det var flott lovsong gjennom helga som vart leda av lovsongsteamet frå G2 i misjonssalen. På lovsongskvelden var det Respons og Feedback frå Vigra som bidrog. Vi hadde også eit seminar, «Da Jesus møtte meg» der tre ulike personer fortalte sin trushistorie. Det var godt oppmøte heile helga. Pit-Stop er eit samarbeid mellom ImF-UNG Sunnmøre, NLM Ung Nordvest og den forsamlinga eller bedehuset som er med som arrangør for året. Takk til Misjonssalen som stilte med hus og la det praktisk til rette. Vi sette også stor pris på alle dei frivillige som var med på å gjere det til ei så flott helg!

BUR

BUR har dei siste to åra dessverre ikkje hatt nokon møte og har ikkje fått inn nye representantar. Vi ynskjer å få dette opp å gå igjen!

Medlemane i BUR: Miriam Holene, og Oliver Ørjavik

Miriam Holene, og Oliver Ørjavik avslutta i BUR til sommaren etter endt periode. Vi takkar dei for godt engasjement og innsats.

BUR skal vere eit rådgivande organ, og skal, saman med dei tilsette, bidra til at arbeidet vi driv skal vere tenleg og godt for barn og unge på Sunnmøre. BUR hadde ingen møter i 2022

Imfung-sunnmore.no, Facebook og Instagram –

Målet vårt er å være til stades på nett og oppdatere nettsida slik at det ofte er noko nytt og aktuelt å sjå på sida vår. Vi prøver å legge ut nye saker, både ting som skal skje og glimt frå arrangementet vi har hatt. Påmelding til leirane skjer også via nettsida imfug-sunnmore.no.

Vi er på Facebook og har ei eiga side som heiter ImF-Ung Sunnmøre og som har ca 598 følgjarar, ein liten oppgang frå 2021. Der legg vi ut oppdateringar om ting som skjer, leirar, arrangement med meir. Her kan den enkelte hjelpe oss med å få ut informasjon, ved å dele, like eller kommentere det vi legg ut, slik at det når fleire.

Blant dei unge er Instagram meir brukt enn Facebook, og vi oppretta difor også ein Instagram-konto. Instagram kontoen vår har det siste halvåret blitt meir brukt, og vi har no 310 følgjarar, fleire unge enn før.

FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR

For at vi skal klare å gjennomføre leirar og arrangement for barn og unge er vi avhengige av frivillige medarbeidarar. Det har vore, og vil nok framleis vere, ei utfordring å få leiarar og medhjelparar til alle samlingane vi har ansvar for. Vi trur det er mange rundt om på Sunnmøre som ser at både leir og barneopplegg på samlingane våre er viktig, og som gjerne kunne bidra ei helg eller ein søndag for at vi skal få gode samlingar for barn og unge. Kan DU tenke deg å bidra, hadde vi sett stor pris på at du sende oss ein mail eller tok ein telefon

TAKK

Vi i ImF-UNG Sunnmøre vil rette ein stor takk til alle frivillige som er med i barne- og ungdomsarbeidet rundt om på Sunnmøre. Takk til alle lagsleiarar, leirleiarar og støttespelarar.

Takk til alle som er med som leirleiarar og medhjelparar på arrangement i regi av oss i ImF-UNG Sunnmøre. Utan frivillige hadde det ikkje vore så mykje aktivitet i form av leirar og større arrangement.

Takk til alle som støttar oss økonomisk. Det er både enkeltpersonar og lag som bidreg med gåver, vi set pris på kvar ei krone som kjem inn. Takk for anledninga til å få lov å ha ImF-UNG Sunnmøre som arbeidsplass

Til slutt vil vi takke alle som ber for ImF-UNG Sunnmøre. Det set vi stor pris på, det er med å bere arbeidet og medarbeidarane, og er ei viktig og verdifull oppgåve for den enkelte som ser verdien av kristent arbeid blant barn og unge.

TUSEN TAKK til alle som støttar oss på ulike vis!



BLI MED PÅ LEIR!

 **imfung**
SUNNMØRE

GutteLeir 4.-8.klasse

29.juni-2.juli
1100,-



JenteLeir 4.-8.klasse

23.-25.juni 850,-

Dagsleir 17. juni

1.-4. klasse

300,-



Påmelding starter i mars på
www.imfung-sunnmore.no

ORRENESET MISJONSSENTER

Årsmelding 2022

Drifta ble ikke helt på det normale denne vinteren heller, en del sykdom eller reduksjon av antall i gruppene på grunn av korona. Men ifølge statistikken som står lenger nede er det bedret seg betraktelig i år og høsten ble nesten i overkant travel. Vi er takknemlige for god drift og håper vi har nok folk fremover til også å ta toppsesongene.

Bemanning: Anbjørg Kvam Bårnes 100% stilling som daglig leder.

Jonny og Else Hatlehol i 20% stilling.

Ellen Brautaset Vatne er «fast dagnads kokk»

2 ungdommer fra vestborg har hatt jobbehelger på kjøkken. 3 ektepar hjalp til hver si helg, både vår og høst. Alle disse frivillige og timehjelpene er vi svært fornøyde med og takknemlige for! Noen frivillige er også på vasking eller utearbeid.

Styret:

Sigurd Nybø formann, Sigmund Valbø sekretær, Lasse Molnes styremedlem, Jarle Fausa styremedlem, Synnøve Welle styremedlem, Ole Per Storhaug KS sin representant, han gikk ut fra høsten.

Svein Lars Ringstad 1. varamedlem

Styret hadde 3 møter og behandlet 18 saker.

Belegg:

Statistikk for gjestedøgn og dagsbesøkende 2022

	Antall	Gjestedøgn	Dagsbesøk
Sunnmøre Indremisjon			
*Leir Imf	3	222	
* Arr. Imf/ Orreneset	3	40	240
* Imf forsamlinger/skoler	4	946	
* Imf Selvhushold	2	99	
Totalt	12	1307	240
* Kr organisasjoner/kirke	12	1840	
Selskaper/servering/kurs	4	80	162
* Andre: Korps,skoler,kor	6	462	
*Selvhusholdgrupper	10	821	50
Totalt	32	3203	

* cateringleveringer 5 stk.

3 avlyste weekender

	2022	2021	2020	2019
Gjestedøgn:	4510	2698	1545	5035
Dagsbesøk:	452	514	385	649

Vedlikehold og reparasjoner:

Bygninger/reparasjoner: mange småprosjekter rundt om som følge av slitasje og defekte deler. Nye panelovner i alle hytter

Beising av vindskier og arker på hovedhuset, noe som ikke var gjort etter skifte av taket.

Uteområde: et firma ble leid inn for å fjerne de største furuene inntil hytter og gamle.

Investeringer/vedlikehold utstyr: Oppgradering på lydanlegg og teleslynge, 2 skjermer ble montert i spisesal for overføring fra storskjermen, vedlikehold på en del maskiner og utstyr både i kjøkken og utendørs blant anna rensing av brønn og pumpe.

Bil/traktor: Eu godkjenning og en stor service med en del feil som ble utbedret.

Økonomi:

Lønnsutgiftene. 1,2 stilling lønnes fast. Ellers er det ungdommer som har timelønn.

Lotteriet: et lite lotteri på Kvinnehelg

Gaver:

Fast giverteneste /kollekt/andre gaver: 153 070 kr

Kompensasjon for tapte inntekter på grunn av Corona: 4000 kr (etterslep fra 2021)

Resultat før avskrivninger: - 63 923 kr

Arsresultat: - 163 761kr

Takk: Styret vil takke alle frivillige og andre hjelpere som har stått sammen med oss i tjenesten dette året. Må Gud velsigne en glad giver, en hjelpende hånd og de foldede hender.

Styret:

Sigurd Nybø

Synnøve Welle

Jarle Fausa.

Sigmund Valbø

Lasse Molnes

Svein Lars Ringstad

Anbjørg Kvam Bårnes – Orreneset



BRUSDALSHEIMEN

Året 2022 starta som i fjor, nedstengning, koronaen var ikkje over, slik at i januar og februar vart mykje avlyst, men små arrangement blei gjennomført.

Frå mars vart det ganske normal drift igjen, leirarbeidet tok seg opp att, og vi fekk dette året ha 4 minileirar, ein dagsleir og jente og guteleir. 60+ leiren i august, vart også ei veldig flott samling, Astrid og Lars Reinlund talte og song.

Av andre arrangement kan vi nemne, øvingshelgar med kyrkjekor, folkehøgskule klasser på besøk både vår og haust, kursdagar, skulelagsweekend (flott å ha 80 - 100 ungdommar på Brusdalsheimen igjen). Diverse selskap og dagsbesøk, weekend frikirka, konfirmant leirar, slektstreff helg og julemiddagar m.m. Så her har det vore ganske fullt på kalenderen.

Hilde var delvis sjukmeldt første halvår og avslutta si teneste på Brusdalsheimen 1.aug 2023.

Tetyana Grynyk tok til 19.april 2023 i 100% stilling. Mannen til Tetyana, Roman, kom til Norge i september og begynte på Brusdalsheimen i 50% stilling i november 2023. Dette er vi svært glade for. I tillegg har Else/Jonny Hatlehol ei 20% stilling.

Også denne sommaren fekk vi besøk av Reto Norge, som hadde ei veke med familieleir og ei veke med dugnad. Tak og veggar i matsal og peisestova vart kvitmåla, med eit lyst og fint resultat.

Vårbasar var 26.april, godt med folk. Ei fin samling der Sulagutane song. Julemarked vart det også dette året. Vi hadde det inne på Spjelkavik bedehus, fullt hus og godt sal ca. kr 145 000,-. Tusen takk til Spjelkavik Indremisjon.

Økonomien, her viser vi til rekneskapen

Styret: Helen Ulla Langlo leiar, Per Arne Furnes nestleiar, Kari Anne Steffensen sekretær, Jan Ivar Stokset og Gerd Behrentz.

TAKK til alle som støtter Brusdalsheimen med forbøn, dugnad, pengegaver m.m. Spesielt takk til alle frå Ukraina som dette året har gjort ein svært stor dugnads innsats.

Tetyana Grynyk
Hilde Giske Lukkedal



PLUSSREISER AS - 2022



Plussreiser driver sin virksomhet som turoperatør ved salg og formidling av turer i inn- og utland. Selskapets hovedkontor er i Spjelkavik i Ålesund kommune, med avdelingskontor i Kristiansand.

Plussreiser er den største leverandøren av Kristne feriereiser i Norge.

Etter svikt i omsetningen i 2020/2021 som følge av koronasituasjonen er selskapet tilbake i ordinær drift.

Omsetningen i 2022 landet på kr. 87.845.926. Selskapet fikk i 2022 et årsresultat på kr. 1.416.439.

Egenkapitalen pr. 31.12.22 var på kr. 5.592.899.

Gjester kommer fra hele Norge. Vårt mål er å stadig få nye gjester til å reise med oss, samtidig som vi ønsker å beholde våre stamgjester. Våre gjester velger Plussreiser fordi de får et bedre tilbud enn det de selv kan få ved å planlegge og bestille reisen i detalj selv. De får reiseledere som ordner opp praktisk, viser omsorg og er en leder i det sosiale fellesskapet på turen. På de fleste av turene får de også Guds ord forkynt, mange av turene med egen forkynner. I Plussreiser er vi stolte over å kunne tilby gjestene noe mer enn ferie.

Administrasjon

Plussreiser har en faglig dyktig og arbeidsvillig stab. De gjør en stor innsats for selskapet.

Plussreiser hadde ved utgangen av 2022 følgende ansatt: Aud Kindervåg Halsne (daglig leder), Kurt André Henriksen, Corina Klokk, Liv-Hilde Ervik Hellevik, Sissel Stokset, Kjell Harald Otterlei, Harry Wiig Andersen, Evy-Gunn Knotten, Signe Solås, Øystein Ramberg, Siv Håvold, Julie Helene Hellevik og Ariel Frøyland.

Administrasjon er inndelt i tre enheter. Det er Israel/USA, Europa og Eksotisk. Enhetene er geografisk orientert og alle tilbyr både åpne påmeldingsturer og skreddersydde bestillingsturer hvor kunden selv bestemmer turens innhold.

Salg og markedsføring

Det ble gitt ut en reisekatalog januar 2022. Denne inneholdt reiser for hele året.

Det ble gjennomført 154 turer/grupper i 2022.

Visjon Vår visjon er å dele "Guds Ord med feriefolket". Vi ønsker å gi mennesker et tilbud om ferie i kristen regi, en ferie hvor Ordet forkynnes til frelse, oppmuntring og tjeneste!

Eiere

Plussreiser AS er 100% eid av Plussreiser Holding AS, som igjen er eid av: ImF Sunnmøre (39%), Indremisjonsforbundet (19%), Normisjon (19%), Det Norske Misjonsselskap/Manova 19%, Nordmøre og Romsdal IM (2%), Indremisjonssamskipnaden (2%)

Styret

Styret har i 2022 behandlet 31 saker og bestod etter generalforsamlingen 11. mai 2022 av: Karl Arne Austnes (styreleder), Vignleik Brekke (nestleder) Jan Ove Kleppe, Anna Sæter, Svein Bjarne Aase, Turid Nordstrand Rødset (styremedlemmer). Varamedlemmer: 1 vara: Sven W. Sæther, 2 vara: Marit Røykenes Dahle, 3 vara: Arild Ove Halås.

*Karl Arne Austnes
Styreleder*

*Aud Kindervåg Halsne
Daglig leder*



VIKAKROKEN AS

Vikakroken AS er et aksjeselskap som eier forretningseiendommen i Vasstrandveien 1 i Spjelkavik. Leietagere i Vasstrandveien 1 er: Plussreiser AS, ImF Sunnmøre, Sunnmøre Begravelsesbyrå, Radio Sunnmøre. Vika-Kroken AS har ingen ansatte, kostnadene til den daglige drift og ledelse ivaretas og faktureres fra Plussreiser AS.

Vika-Kroken AS eies av ImF Sunnmøre 48%, Indremisjonsforbundet 24%, Normisjon 24%, Nordmøre og Romsdal Indremisjon 2%, Indremisjonssamskipnaden 2%

Selskapet hadde i 2022 en omsetning på kr. 569.388

Selskapet hadde i 2022 et årsoverskudd på kr. 116.019. Overskuddet ble tillagt egenkapitalen.

Egenkapitalen pr. 31. desember 2022 er kr. 3.900.025

Styret i Vika-Kroken AS bestod etter generalforsamlingen 11.mai'22 av:

Anna Sæter (styreleder), Karl Arne Austnes og Sven Wågen Sæther.

1. Vara: Svein Bjarne Aase

Anna Sæter
Styreleder

Aud Kindervåg Halsne
Daglig leder



DAGGRY BARNEHAGE - 2022

«SOM EIT KJEDE, SAMAN I GLEDE. INGEN LIKE, MEN ALLE UNIKE»

Dette året har barnehagen hatt 73 barn med full plass, og ei god venteliste med barn som ynskjer plass hos oss. Personalgruppa består av 23 tilsette, fordelt på pedagoger og assistenter, tilsaman 18,9 stillingar, inkl spes.ped-assistentar som arbeider med barn med særskilte behov. Personalet har avdelingsmøter kvar veke, leiarmøter annankvar veke, og personalmøter på kveldstid kvar månad. Det vert satsa mykje på kvalitetsutvikling, både i forhold til verdigrunnlag, pedagogisk innhald, arbeidsmiljø og personleg utvikling.

Samarbeid med eigar og andre instanser

Leiar for styret i Daggrø, Anders Bjørnerem, er hovudkontakten vår til eigar, når det er saker der det er behov for nærare samarbeid. Personalet vårt vart ellers invitert til julekonsert saman med andre tilsette i IMF Sunnmøre, og årsmøtet til Daggrø vert halde i eitt av kretsstyret sine møter i løpet av våren.

Dagleg leiar for Daggrø er med i nettverk for IMF-barnehagane, NLM-barnehagane i M&R, og styrarmøter med dei andre barnehagane i Giske kommune.

Vi har eit nært samarbeid med Giske kommune, gjennom pedagogisk rådgjevar for barnehager, det gjeld både faglege prosjekt, kurs, styrarmøter, tilsyn, rådgjeving m.m.

Når det gjeld samarbeid med andre etater, så har vi samarbeidsprosedyrer med PPT, helsestasjon, barnevern, og barneskulen i samband med barn som skal over frå barnehage til skule.

Daggrø er medlem i Private barnehagers landsforbund, her har vi tariffavtale, forsikringer, pensjon, bedriftshelseteneste, regnskapsteneste, HMS-system, og foreldre-app'en Kidplan. PBL gir oss god støtte på alt av regelverk, økonomi, arbeidsmiljø, m.m.

Verdigrunnlag og pedagogisk innhald.

Formålet for drifta av barnehagen utfrå Barnehagelova er å gje barna gode utviklings- og aktivitets-tilbod. Barnehagen skal i nær forståing med borna sine heimar hjelpe til med å gje barna ei oppseding i samsvar med dei kristne grunnverdiane. Daggrø har ei utvida praktisering av den kristne formålsparagrafen.

Visjonen vår er "med Guds kjærleik til barna", og det kristne innhaldet i barnehagen er godt integrert i kvardagsaktivitetane. Vi har eit definert verdigrunnlag med desse fire kjerneverdiane: UTVIKLING – NESTEKJÆRLEIK – INKLUDERING – KVALITET.

Inkludering er satsingsområdet vårt, og dette er i samsvar med UDIR og kommunen sine satsingar. Vi jobber her med vennskap, samspel, forebygging mot mobbing, språkutvikling, leik og godt barnehagemiljø. Barna skal få lære haldningar, verdier, praktiske ferdigheiter og kunnskap om ulike fagområder som trengs for å utvikle seg til å kunne fungere i eit fellesskap og eit samfunn, og all læring skal skje gjennom leik, opplevingar og utforsking. Barnehagen er det første steget i utdanningsløpet, grunnlaget for vidare læring vert lagt i barnehagen. Ein kan lese meir om innhaldet vårt på heimesida: <http://daggrø.barnehage.no>

Økonomi.

Barnehagane i Giske har siste åra hatt veldig trange budsjett, og 2022 har nok vore det vanskelegaste å drive barnehage på, det vart budsjettert med underskudd då det ikkje var nok pengar til å kunne budsjettere i balanse. Vi har ikkje fått årsrekneskapen frå revisor enno, men vi veit at det blir nok ein del underskudd dessverre.

Styret og Samarbeidsutvalet for barnehagen hausten 2022

Eigar:	Anders Bjørnerem -leiar	(styret og SU)
	Trond Håkon Schaug-Pettersen	(styret og SU)
	Jonas Nordstrand	(styret og SU)
Personale:	Marte Tolo Skjong	(styret og SU)
	Heidi Merete Godø	(styret og SU)
	Kari-Lise Nordstrand –styrar	(styret og SU)
Foreldre:	Sandra Skuseth	(SU)
	Malin Richardsen	(SU)

Det vart halde 4 møter i styret og samarbeidsutvalet i 2022.

Kari-Lise Ose Nordstrand - dagleg leiar ved Daggrø barnehage





Årsmelding 2022

ELEVSITUASJONEN:

Våren 2022 fullførte 72 elever, hausten starta vi med 63 elever. Styret la til grunn at usikkerheit kring reiser på tampen av pandemien januar 2022 var hovudgrunn til svak søkning framfor også denne hausten. Fornøgde elever reiste frå oss våren 2022 og vi ser at året set gode spor.

PERSONALET:

Vi vil takke kvar enkelt for medeigarskap og stor innsats. Pandemien har kravd mykje av alle i personalet. Dette første året etter gjenåpning har vi nedbemanna for å tilpasse antal tilsette til eit lågare elevtal. Styret har prioritert å halde på personale så lenge råd, men innan utgongen av 2023 må vi drive i balanse mellom elevtal og personale.

BYGNINGAR OG INVESTERINGAR:

Det har ikkje blitt investert stort i 2022. Bygningane sine prosjekt er skyvd ut i tid. Ny traktor og SD anlegg er dei vesentlege investeringane

ANNAN BRUK AV LOKALA:

Totalt for anna verksemd var det for 2022 ein omsetnad på 4,017 millionar kroner. 2021: 2,89 mill og i 2020 2,26 mill. Verksemdene vi driv i tillegg til skuledrifta heiter Borg Sommerhotell Ålesund, Borg Catering Ålesund og Borg Utleie Ålesund. Tala viser at vi no har passert nivået vi låg på før pandemien.

INNHALD OG KRISTEN SKOLE:

Ålesund folkehøgskole skal være ein møtestad mellom indremisjonsbevegelsen vår og all ungdom som ønskjer å gå her. Det er spanande å arbeide med ein skule som både skal formidle tru og håp på kristen grunn, og gi alle elevane oppleving av at her er det plass for dei og at det er deira eigen skule. Vi opplever at skulen får vere god kristen folkehøgskule. Det er fint å oppleve at når vi legg ut tilbod om eit andre år med leiartrening og miljøassistentarbeid, så søker halve elevflokken – og vi kunne lett fylt tre niar-lag med gode folk. Vår utfordring er å nå ut til mange nok med informasjon om det gode tilbodet vi har ved skulen, samtidig må vi vere vakne for endringar som gjer at unge opplever tilbodet som relevant.

ØKONOMI:

Revidert rekneskap for 2022 viser eit årsresultat med underskot på kr 4 380 837,- når finanspostane er rekna med. Styret rekna med stort underskot etter gjennomgang av inntektssvikt i juni 2022, og nedbemanning vart gjennomført på dette grunnlaget.

Likviditeten er noko svekka etter slikt stort underskot. Statsstøtta vart rekna ut frå 121 elever i 2022. Vi har etablert eit prinsipp der vi set av den delen av statsstøtta som vi ikkje har elever til, slik at dette ideelt kan brukast når elevvekst er tilbake. Når vi no i staden vel å gå med store underskot forpliktar vi oss til å levere overskot når elevtalet aukar igjen.

Skulen si langsiktige gjeld utgjer no kr 22 416 402 (2021: kr 24 429 406,-). Omsetninga var i 2022 på 23,34 mill. Den var 26,5 mill. i 2021.

RAPPORTERING OG SJØLVEVALUERING:

Våren 2022 leverte vi sjølvevalueringsrapport om samsvar og sprik mellom elevforventningar og skulens intensjonar.

STYRET:

Frå eigarane: Rigmor Andersen Eide – styreleiar, Arild Austnes – nestleiar, Per Henning Vågen, Hildegunn Fylling og Victor Haram. Vararepresentantar: Linda Austnes, Merethe Ervik Valderhaug. Rektor: Sven Wågen Sæther. Frå dei tilsette: Tone Kvammen Langnes . Vararepresentant: Helene Indrebø. Frå elevane: Simmen Karoliussen – vår og Emma Kvaal i haust.

TAKK:

Skulen er takknemleg til alle som har vist trufast støtte og vore med oss i bøn for året som gjekk. Følg med oss på nettsida og i sosiale media. Vi er glad for vener som ser det rike ungdomsarbeidet skulen er.

20.4.2023

Rigmor Andersen Eide
Styreleiar

Linda Austnes

Arild Austnes
Nestleiar

Victor Haram

Tone Langnes
Tilsettrepresentant.

Emma Kvaal
Elevrepresentant.

Hildegunn Fylling

Sven Wågen Sæther – rektor

holde arrangement?

BRUK FASILITETENE PÅ ÅLESUND FOLKEHØGSKOLE

Vi har **amfi** til kurs og konferanser, **idrettshall** til trening og bamebursdag, **selskapslokale** for mindre forsamlinger, samt **kultursal** til konsert og storsamling!

Vi tilbyr også **catering** med hjemmelaget mat fra Borg Catering.

Årsmelding for 2022



Basis og formål

«Møre barne- og ungdomsskule Ålesund skal i all si verksemd søke å skape eit læringsmiljø som fremjar eit kristent heiskapeleg syn på livet, forankra i trua på Gud som skaper og frelsar. Skulens formål er å gje elevane god fagleg undervisning og opplæring, og å føre dei fram til avsluttande grunnskuleeksamen. I forståing med foreldre og i respekt for elevane vil skulen formidle kunnskap, inspirere til læring og utvikling av heile mennesket for å utruste elevane for eit godt og ansvarleg liv i heim, samfunn og forsamling. Skulen skal i alt sitt arbeid gjere Kristus kjent for elevane slik at Han kan verte trudd og etterfylgd.» Setningane du akkurat har lese er viktige for identiteten til skulen vår og seier mykje om kven vi vil vere. Skulen er i vekst og vi kjenner på glede over å bygge ein kristen friskule

Barneskulen

I august 2020 utvida vi med barnetrinn på Møre Ålesund. Hausten 2022 tok vi imot elevar i 1. klasse for tredje gong. Ved årsskiftet 22/23 var det i alt 26 elevar på barneskulen, fordelt mellom ei kombinert 1.-2.klasse og ei 3.-4.klasse. Søkninga til barneskulen er stigande og vi tek imot 11 nye førsteklassingar og fleire elevar også i dei eksisterande klassene frå hausten 2023. Det nye skulebygget har fungert svært godt, og vi gler oss over god plass og gode klasserom og vrimleareal. Uteområdet er også svært flott og stort. Kom gjerne innom og opplev det der det ligg lunt og solvendt til bak skulen. Uteområdet for barneskulen er godt skjult for dei som berre susar forbi på hovudvegen. Barneskulen brukar området mykje til ute-undervisning. Vi er spesielt glade for den nye gapahuken som vi fekk bygd!

Styret for Møre barne- og ungdomsskule Ålesund

Møre barne- og ungdomsskule Ålesund er organisert som ei stifting. Styret i Sunnmøre Indremisjon vel medlemar til stiftinga sitt styre. Dei andre medlemmane har uttalerett, men ikkje stemmerett. Styret for Møre barne- og ungdomsskule Ålesund har frå hausten 2022 vore samansett slik:

Arild Ove Halås, styreleiar
Ståle Schrøder Heggset, nestleiar
Bjørn Clausen Flydal
Andre Fiskarstrand
Håvard Vollset Lien
Rune Sæther, lærar-representant
Inger Helene Veiberg, representant øvrige ansatte
Eline Fiske representant frå elevrådet
Daniel Holene representant frå elevrådet
Representant for Ålesund kommune,
Bjørn Ivar Rødal



Vi ynskjer å rette ei stor takk til kvar einiskild i styret for det viktige og nødvendige arbeidet de legg ned for skulen!

Elevtal

Våren 2022 hadde vi 123 elevar og hausten 2022 var elevtalet 129. Her var det 26 på barnetrinnet, og 103 på ungdomstrinnet. Ved elev-teljinga 1. oktober 2022 fordelte elevane seg slik på heim-kommunar:

Ålesund 102 elevar, Sula 13 elevar, Sykkylven 5 elevar, Giske 3 elevar.

Elevane fordelte seg slik: 10.trinn: 29 elevar, 9A: 25 elevar, 9B: 22 elevar 8. klasse: 29 elevar og 1.-2.klasse 14 elevar, 3-4.klasse: 12 elevar

Tilsette ved Møre barne- og ungdomsskule Ålesund hausten 2022:

Håkon Wedum Akslen, Turid Beate Bjørnerem, Elisabeth Brennhaug, Kaja Hagby Dahl, Marit Alnes Djupvik, Soili Susanna Dybvik, Ingvild Stette Eide, Øystein Engås, Dagfinn Fredly, Ingrid Fredly, Raket Gangstø, Ole Knut Giske, Ingvild Petra Vågnes Gjerde, Nicolai Engeli Godø, Reidun Pauline Grønbeck, Kjell Eivind Holmen, Viktoria Huse, Hilde Lillevold Håberg, Anna Molvær Inntveit, Mats Johansson, Trine Johansson, Karina Leine, Bettina Backer Lemming, Svein Ola Lillestøl, Anita Dahle Mork, Anders Ryberg, Eldbjørg U. Rønneberg, Elisabeth Mattland Sandli, Henrik Lervåg Seim, Nikolai Sundklakk, Mari Bjærva Sæland, Gry Sæther, Rune Sæther, Robert Tron Tjømli, Inger Helene Veiberg, Ragnhild Wold

Vi gler oss over elevar som i stor grad fortel om eit godt og trygt læringsmiljø, om vaksne som ser dei og som bryr seg om dei. Møre har eit velkvalifisert og engasjert personale som identifiserer seg med skulen si kristne målsetting og som arbeider aktivt for at skulen og SFO skal bety noko godt og positivt både i opplærings- og dannelsoppdraget. Difor er det og all grunn til å takke eit samla personale for det store og viktige arbeidet dei utfører ved skulen vår!



Turar og aktivitetar

Vi har mange godt innarbeidde tradisjonar på skulen vår som er viktige for læring og læringsmiljø. Covid 19 gjorde at 10.klassekullet hadde utsett skuletur frå hausten 2021 til våren 2022. Det var lenge spanande om turen måtte avlysast på grunn av krigssituasjonen i Ukraina, men turen vart gjennomført på ein trygg måte. 10. Klasse frå hausten 2022 reiste til Krakow igjen på vanleg måte og opplevde også ei dannelsereise med sterke inntrykk. I September fekk også vi endeleg lov å gå tilbake til vår vanlege overnattingstur for 8. og 9. klassane til Orreneset. Den viktigaste jobben for å få til eit godt læringsmiljø er likevel den jobben som vert gjort kvar dag – i klasserommet.

Utviklingsarbeid

Vi vil vere ein skule som er i stadig utvikling og som tek aktivt del i utviklingsprosessar regionalt og prosessar vi set i gang sjølve. Nye læreplanar står framleis i fokus, og hausten 2021 var vi med på opplegget «profesjonsfagleg digital kompetanse» som Nordre Sunnmøre Regionråd står bak i samarbeid med høgskulen i Volda. Det er også mange nye kursopplegg som er planlagt som desentralisert kompetanseutvikling (DeKomp) og som vi er kopla på saman med dei kommunale skulane i området vårt.

Det er eit uttalt ynskje at leiarane ved dei tre etablerte Møreskulane og Molde friskule møtes jamnleg. Dette nettverket er ein viktig og nødvendig møteplass for leiinga på dei ulike skulane. I 2021 vart desse møtepunkta digitale. Vi samarbeider også om fagdagar for dei tilsette.

Planar vidare

Skulen hadde hausten 2021 fire klasser på ungdomstrinnet, og tre klasser på barnetrinnet. Planen vidare er å ta opp ny 1.klasse kvart år, samtidig som ein prøvar å fylle opp med fleire elevar i dei eksisterande klassene på barnetrinnet. Når barnetrinnet er fylt opp til 7.klasse ser vi for oss å satse på to klasser på kvart trinn på ungdomsskulen. Nybygget og utvidinga med ny barneskule er eit stort økonomisk løft for skulen og som vil gi oss store økonomiske utfordringar i mange år framover. Men først og fremst gir det nye elevgrupper moglegheita til å gå på ein kristen friskule! Andre etasje i nybygget står u-innreidd foreløpig, men må takast i bruk om ikkje mange år. Der ligg det ein byggeprosess og ventar. Vi har også planar om ein gapahuk/ute-klasserom på det flotte uteområdet vårt. Jubileumslotteriet gav oss 35 000 kroner og FAU vil gå i bresjen for ei inn-samling slik at vi håpar å få realisert dette.

Økonomi

Inntektene til skulen består av statstilskot, elevbetaling og tilskot frå kommunar til å dekke spesialundervisning. Elevbetalinga i 2022 har vore 12 600,- kr. pr. år på ungdomstrinnet, og 5 400,- kr. per år på barnetrinnet. Styret vedtok i 2022 å legge inn skuletur i 10.klasse i skulepengane frå hausten 23. Satsen vert då 15 600,- pr år for ungdomstrinnet. Satsane vert justerte etter konsumprisindeks.

Årsresultatet for 2022 viser eit underskot på 1 345 470,-. 2022 har vore eit krevjande år for alle friskuskular, med ein nedgang i tilskotssatsane. Resultatet var som budsjettet.

Forbøn

Stor takk til alle som er med å ber for skulen vår! Vi treng at de som misjonsfolk er med i forbøn for oss som arbeider ved skulen. Be om at vi som skule og skuleeigar må få visdom og mot til å satse klokt og framtidretta. Be om elevtilgang i barneskulen og for økonomien. Ver også med å be for elevane våre og heimane deira.



For Møre barne- og ungdomsskule Ålesund

Arild Ove Halås
Styreleiar

Øystein Engås
rektor

MØRE [⊕]

barne- og ungdomsskule Ålesund

MØRE

barne- og ungdomsskule

Skodje

Møre barne- og ungdomsskule Skodje

Årsmelding 2022

Skulen held til i Brusdalen litt aust for Brusdalsheimen i tidlegare Skodje kommune. Skulen starta opp hausten 2015, og frå oppstarten leigde vi kommunen sitt skulehus i Brusdalen i tillegg til at vi sette opp mange brakker. I desember 2019 kjøpte vi skulehuset og eigedommen rundt.

Skulen er organisert som eit aksjeselskap. ImF Sunnmøre eig alle aksjane, og kretsstyret er generalforsamling for skulen og utnemner dei medlemmene i styret som har stemmerett. I tillegg kan kommunen, dei tilsette, foreldra og elevrådet peike ut sine representantar i styret. Dei er utan stemmerett. Rektor er sekretær for styret.

Kristen friskule

Skulen er ein kristen friskule som er oppretta under friskulelova. Skulen ynskjer, som eit alternativ til offentleg skule, å gje elevane god undervisning tufta på det kristne verdigrunnlaget. Dette blir ivareteke gjennom tilsetting av personale som vedkjenn seg den kristne trua og etterlev dette både privat og på arbeidsplassen. Kvar dag er det andakt for både personalet og elevane, mens vi også jobbar med å vektlegge det kristne livs- og verdssynet i undervisninga.

Elevar

Ved nyttår var det 75 elevar ved skulen, 46 i barneskulen og 29 i ungdomsskulen. Dei kjem stort sett frå Ålesund kommune, og då flest frå tidlegare Skodje kommune, men også mange frå Haram og Ørskog. Vi har også elevar frå Vestnes og Giske. Dette året har vi 9 elevar i 10. klasse, og vi håper at når dei no går ut frå skulen vår, vil dei sjå tilbake på åra ved Møre Skodje med glede og bli til velsigning kor enn dei endar opp.

Vi oppmodar misjonsfolket om å be for skulen og for elevane våre. Det er eit privilegium å kunne nå kring 80 unge med evangeliet 5 dagar i veka. I tillegg kjem alle sysken, foreldre og vener som blir rørt av dette. Vi voner difor at de også vil være med å anbefale oss til dykkar familiar, vener og naboar.

Styret for skulen

Ved utgangen av året var styret samansett slik: Oppnemnde av skuleeigar: Arve Fiskerstrand (leiar), Arvid Ødegård (nestleiar), Margrethe Bjørkavåg Bakke, Stine Rølvaag Brandal og Dag Øyvind Sæter. Karoline Starheimsæter 1. vara.

Andre: Olgunn Oksavik og Eliza Raczek representerer dei tilsette. Nils Petter Starheimsæter er foreldrerepresentant (FAU) og Noah Myren Skjong er elevrepresentant. Kommunen har ikkje oppnemnd representant.

Tilsette

Ved utgangen av 2022 hadde skulen 38 tilsette (inkludert permisjonar), 32 kvinner og 6 menn. Skuleadministrasjonen består av rektor Håkon Hovda, avdelingsleiar Hilde Renate Sleveland, og kontormedarbeidar og SFO-leiar Olgunn Oksavik. I tillegg er Jonas Mauky økonomiansvarleg.

Økonomi

Skulen sine inntekter kjem vesentleg frå statstilskot som vert utbetalt kvar måned. Dette er knytt til elevtalet. I tillegg betaler foreldra skulepengar.

Utgifter knytt til spesialundervisning og undervisning av framandspråklege elevar vert dekte av heimkommunane til elevane. Statstilskotet som friskulane får pr. elev tilsvarar 85% av utgiftene kommunane har pr. elev i offentleg skule, men utgifter til skulehus er ikkje medrekna.

Rekneskapsåret 2022 vart eit tøft år med eit underskot som var større enn forventa. Det har gjort at skulen denne våren har sett seg nøydte å kutte i stillingar og andre utgifter. Det blir utfordrande å få rekneskapsåret 2023 i balanse, men vi trur at i 2024 vil vi igjen kunne ha balanse i rekneskapsåret.

Vi ynskjer at meir av dei økonomiske midlane våre skal komme frå gåver, da det gjer oss mindre avhengige av statstilskotet og gjer at vi på sikt kan planlegge for å bygge. Kunne du tenkje deg å støtte oss, så ta kontakt eller sjå nettsida for info: moreskodje.no.

Takk

Styret, og rektor, vil rette stor takk til alle våre tilsette for den store innsatsen dei legg ned for elevane og skulen gjennom året - eit stort arbeid i Guds rike. Særleg dette året har det vore flott å sjå at mange har bidratt aktivt for å avhjelpe ei krevjande situasjon. Dette styrkar samhaldet på skulen og gjev tru på framtida.

Mest av alt er vi takksame til Gud for å bevare oss og alt det gode han gjer på skolen i både personalet og elevanes liv.

Og jeg er trygg på at han som begynte sin gode gjerning i dere,
skal fullføre den – helt til Jesu Kristi dag.

Filipperne 1.6

Så takkar vi alle som ber for skulen og hugsar på oss. Aller mest takkar vi Gud som både har kalla oss til teneste og lova å vere med oss.

For Møre barne- og ungdomsskule Skodje

Arvid Ødegård

konstituert styreleiar

Håkon Hovda

rektor

MØRE BARNE- OG UNGDOMSSKULE HERØY

1. Stiftelsen

Stiftelsen er ein privatskule som gjev undervisning på barne- og ungdomstrinnet. Drifta vert i hovudsak regulert av «Lov om frittstående skolar (friskolelova)», med tilhøyrande føreskrifter. Skulen er organisert som ein stiftelse med skule- og stiftelsesstyre og det til ei kvar tid sitjande styret i Sunnmøre Indremisjon som stiftelsen sitt råd. Skulen starta opp i august 2004, og er no inne i sitt 19. skuleår.

2. Elevar

Ved utgangen av 2022 hadde skulen 155 elevar:

1.kl: 12 elevar	5.kl: 11 elevar	8.kl: 24 elevar
2.kl: 9 elevar	6.kl: 14 elevar	9.kl: 24 elevar
3.kl: 7 elevar	7.kl: 18 elevar	10.kl: 24 elevar
4.kl: 12 elevar		

Elevane fordelte seg slik på heimkommunar:

Hareid : 12 elevar	Ulstein: 14 elevar
Herøy: 106 elevar	Volda: 3 elevar
Sande: 7 elevar	

3. Styret

Stiftelsesstyret er identisk med dei valde medlemmane av skulestyret, som består av leiar, nestleiar og tre styremedlemmar. Det er i tillegg tre varamedlemmar. Styret har hatt 5 styremøte og handsama 42 saker. Ved utgangen av 2022 var styret samansett slik: Arve Fiskerstrand (leiar i permisjon), Jan Ove Kleppe (konst. leiar), Kristine Røren, Solfrid Ulstein Riise, Olaus Jon Kopperstad. Ove Johan Kopperstad er 1. vara. Andre: Heather Kleppestrand (pedagogisk personale), Miriam Sandvik (andre tilsette), Marthe Hals-Nerlid (FAU), Solveig Båtsvik (komm.repr.), Erle Johanne Goksøyr (elevrådsleiar).

4. Tilsette

Ved utgangen av 2022 var det 41 tilsette (inkludert permisjonar) fordelt på omlag 30 årsverk. Skuleleiinga består av Tone Hjelmeset (avd. leiar barneskule, 50%), Erlend Førre (avd.leiar ungdomsskule, 50%), Knut Einar Tokhem (økonomiansvarleg, ass.rektor, 40%), Asbjørn Vatne (rådgivar 20%, spes.ped.koordinator, 40%), Runar Langnes (IKT, bygg, 60%), Asbjørg Muren Ulvund (rektor, 100%). Liz-Mirjam S. Haddal er kontorpersonal i 80% stilling.

5. Arbeidsmiljø

Møre barne- og ungdomsskule har i bruk KFF sitt kvalitetssikringssystem (IK-Friskole) etter krava i Friskulelova §5-2. Dette inneber mellom anna:

- å forebygge ulykker, miljø- og helseskader
- å arbeide for å skape trivsel for elevar og tilsette
- å hindre at drifta skader naturmiljøet
- å sikre at skuledrifta er så trygg som mogleg for elevar og tilsette

Skuleverksemda forureinar ikkje det ytre miljøet. Brukarundersøkingar viser at trivselen og arbeidsmiljøet på skulen er god for både elevar og tilsette. Bente Pundsnes Goksøyr er verneombod.

6. Likestilling

Ved skulen er det tilsett 26 kvinner og 15 menn. Skulen ser det som viktig å ha god balanse i kjønnsfordelinga, og vil arbeide for å utlikne ulikskapen. Det er ingen skilnad på menn og kvinner når det gjeld løn.

7. Framtidig utvikling

Skulen opplever stabil elevtilgang både på barnetrinnet og ungdomstrinnet. Det er eit satsingsområde å få fleire inn på søkjarlista for åra framover og slik stabilisere skulen sitt elevtal. For tida knyter det seg noko spenning til drøftingane kring skulenedleggingar i Herøy kommune. Det vil i tilfelle ramme to av våre naboskular, noko som potensielt vil få konsekvensar for oss. Arbeidet med å få utbetre uteområde har stått på vent pga økonomiske utfordringar, men det hastar å kome i gong. Skulen sitt utviklingsarbeid har siste året hatt mest fokus på å arbeide i team – og på den måten nærma oss temaet om profesjonsfellesskapet som udir legg opp til via fagfornyinga.

Møre barne og ungdomsskule Herøy

8. Økonomi

- Skulen sine inntekter kjem frå statstilskot som vert utbetalt kvar månad pr. elev. I tillegg får skulen refusjon frå kommunene pga elevar som har rett til spesialundervisning. Skulepengane var dette året på kr 10 000,- pr. skuleår for elevar på ungdomstrinnet, kr 5000,- pr elev i 5.-7.kl, og kr 3000,- pr år pr elev i 3. og 4.kl.. Skulen har rundt 30 born på SFO. Ein fulltids SFO-plass kostar kr 3200,- + kr 250,- i matpengar.
- Årsbudsjettet for 2022 er sett opp med tanke på vidare drift. Styret stadfester med dette at føresetnaden for vidare drift er til stades. Årsresultatet for 2022 er for Stiftinga på kr - 1 180 932 ,,-.

9. Utfordringar

- Vi ser at livet er utfordrande og komplisert for mange av elevane våre, gjerne med utfordringar siste åra som vi ikkje har hatt i same grad før. Personalet kjenner ofte på stor slitasje og på at ein ikkje strekk til verken i kompetanse eller i krysspresset mellom heim, menighet og jobb. Vi er takksame for forbøn, og vi skulle gjerne hatt endå fleire som ber skulen i bøn.
- Arbeidet med tiltak mot ein utfordrande økonomi i 2022 har teke mykje merksemd og har prega oss alle.
- Vi opplever det svært nødvendig å få på plass eit meir teneleg uteområde. Det ville hatt mykje å seie både for elevane sitt læringsmiljø, som avlastning for personalet og ikkje minst for rekrutteringa.

10. Avslutning

Vi opplever mange gode tilbakemeldingar, ikkje berre frå elevar og føresette, men også frå eksterne samarbeidspartar som PPT og BUP. Vi opplever også å vere inkluderte og respekterte i Herøy kommune t.d. gjennom deltaking i kompetanseutviklingsprogramma dei har ift leiarutvikling og leseplan. Vi er takksame for meningsfulle dagar der vi får nå alle elevane med ei andakt, bibelkunnskap, omsorg, kristne songar, Vår Far og Velsigninga kvar dag.

For Møre barne- og ungdomsskule, Herøy

Jan Ove Kleppe
-konst. styreleiar -

Asbjørg Muren Ulvund
- rektor -





Radio Sunnmøre har også i 2022 nådd mange tusen menneske med evangeliet gjennom song, tale og intervju. Dette året har lyttartalet auka med nær det dobbelte frå året før. I 2021 var det 5000 faste lyttarar til Radio Sunnmøre på Sunnmøre kvar veke via FM og DAB. I 2022 har dette lyttartalet auka til 9000 faste lyttarar kvar veke og 5000 faste lyttarar kvar dag.

I tillegg til lyttarar på Sunnmøre via FM og DAB, har Radio Sunnmøre faste lyttarar elles i landet, og i utlandet, via internettssendinga vår og sending via appen Radioplayer der vi sender 24/7 (døgnet rundt). I tillegg nådde vi over 50 000 mennesker via sosiale medier, og podkasten hadde 25 000 nedlastningar i løpet av året.

Stab

Arild Ove Halås leigast inn frå IMF Sunnmøre i 50 %. Dagleg leiar Ragnhild Kristine Vartdal Espelund er i 100 % fast stilling. Radio Sunnmøre har også i 2022 hatt god hjelp av Oddveig Molnes som på frivillig basis lagar enkeltssendingar gjennom veka. Det blir også laga laurdagskveldssending frå gjengen på Valderøya 8-9 laurdagar i året.

Sendeområde

Radio Sunnmøre sender 73 timar kvar veke program med intervju, andakter og musikk som skal engasjere, vere trusstyrkande og evangeliserande, på FM i Ålesund, Haram, Giske, Skodje, Sula, Sykkylven, Stordal, Stranda, Norddal og Ørskog, og på DAB over heile Sunnmøre. I tillegg sender Radio Sunnmøre 24/7 (døgnet rundt) på internettradio, som også ein kan lytte til via appen Radioplayer.

Samarbeid

Vi har også dette året også hatt godt samarbeid med blant anna Tro & Medier, Åpne Dører, NSP Aid, og Barnevakta. Programma vi produserer for desse sendast også på fleire andre lokalradioar i landet, og set på dagsorden digitale/mediale samfunnsspørsmål, orienteringar og evangelisering utover våre landegrensar. I tillegg har vi hatt faste innslag frå blant anna Canada, Israel, Bibeloversetjing på Madagaskar, Kvardagspraten med Marit & Irene og Sjømannskyrkja.

Radiomesse

Radiomesa i 2022 vart endeleg ei fysisk messe, for fyrste gong etter korona. Vi prøvde ut messa på Spjelkavik bedehus laurdagen, med ei digital salsmesse fredagen. Det viser seg at folket er klar for ny messe, og at neste års Radiomesse blir igjen arrangert i Borghallen.

Vi arrangerte ein laurdag med lefsedugnad og lyttarane engasjerte seg med å kome med alt i frå tombolagevinstar, basargevinstar til kaker og bakst. Ein flott dag med eit flott resultat og god stemning.

Inntektskjelder

Radio-Giv 2022 og loddsal:

To dagar med 17 direkte-sende timar i mars: kr.242.635,-

Lotteri med trekking i oktober: kr.200 000 ,-

Digital Radiomesse: kr. 204 254,-

Innsamla sum på kr. 646 889,-

Fast givarteneste: - Gir forutsigbar inntekt. Dette året: kr. 345 188,-

Foreiningsgåver/private gåver/turkollekt: kr.210 263,-

Samla gåver: kr. 555 451,-

Styret, økonomi nemda og ansvarleg redaktør

Styret 2. halvår: Arnstein Rødset (formann), Johan Behrentz, Kolbjørn Gjære, Irene Krokeide Alnes, Rune Abelseth, Helge Åkernes (1. vara), Arnt Ove Tennfjord (2.vara)

Styret 2. halvår: Arnstein Rødset (formann), Johan Behrentz, Kolbjørn Gjære, Irene Krokeide Alnes, Rune Abelseth, Ole Bjørn Vik (1. vara), Knut Aarsund (2. vara)

Styret hadde 6 styremøter i 2022.

Økonomi nemda i 2022: Reidar Fiske, Oddveig Molnes, Are Bakke og Ole Per Storhaug

Ansvarleg redaktør: Johan Halsne

Takk

Takk til trufaste støttespelarar som har brukt fritid i frivillig arbeid for Radio Sunnmøre.

Takk til Arne Johan Helle og Bjørn Tomren med stort teknisk ansvar, og opprustning og vedlikehald i våre konsesjonsområde og vårt studio.

Takk til styret, økonomiutvalget, messekomitéar, teknikarar, laurdagsredaksjonar og andre.

Takk for forbønn og støtte for oss som har vår teneste i ein radio med 73 sendetimar pr. veke.

Ragnhild Kristine Vartdal Espelund

dagleg leiar



Radio Sunnmøre

Årsmelding 2022

Begravelsesbyrået Sunnmøre AS har i år 2022 hatt sitt **50. driftsår**. Firmaet har følgende avdelinger:

Begravelsesbyrået og Mørkister.

Begravelsesbyrået Sunnmøre AS er eid 100 % av IMF Sunnmøre.

Begravelsesbyrået vart starta med tanke på den diakonale tenesta til IMF Sunnmøre.

I tillegg er det eit ynskje at forretningsdrifta skulle gje eit økonomisk bidrag til misjonsverksemda.

Økonomi.

Begravelsesbyrået Sunnmøre AS hadde i 2022 ei omsetning på kr. 8.252.675,-, som er ein auke på kr. 379.660,- frå 2021. Totalresultatet vart eit overskot på kr. 449.705,- som er ein auke på kr. 71.015,- vs. 2021. Ved utgangen av året er selskapet gjeldfritt. Styret for byrået har beslutta eit utbytte til eigar på kr. 100.000,-

Mørkister.

Engrossalget av kister har halde seg stabilt, det varierer i forhold til oppdragsmengda i begravelsesbyrået, samt salg til kollegaer i andre byrå og 2 sjukeheimar (Stordal og Valldal).

Leverandøren av kister, SIBI, har pr sist årsskifte fått ny eigar, som gjer at vi avventer vidare utvikling i kvalitet og pris.

Begravelsesbyrået.

2022 var eit driftsår prega av store variasjoner i antall oppdrag frå månad til månad. Antall oppdrag enda på 180, som er det samme som 2021. Vår markedsposisjon i Ålesund, Sula og Giske held seg om lag på samme nivå som dei siste åra. Avtalen med Welle gravferdsbyrå om samarbeid om evt. oppdrag i Stranda og Fjord, har ikkje gitt noko resultat. Dette p.g.a. av 2 byrå frå Nordfjordeid, som har teke over det meste i Fjord og Stranda, etter at Per Arne Sve avslutta si verksemd i 2021.

Byrået har vore i full drift heile året og sjukefråværet har vore lavt. Dagleg leiar har gjennomført medarbeidersamtalar og regelmessige temamøter (bl.a. krisehandtering og advokatsamarbeid). Ultimo 2022 endra vi logoen til ein meir tydleg profil, samt bedre tilrettelagt for web-basert kommunikasjon.

I periodar med stor aktivitet, har byrået gode tilkallingsressursar å trekke på, men er stadig på utkikk etter nye hjelparar.

Arbeidstokken pr.31.12.2022:

Kjell Runar Stige, dagleg leiar (100 %)

Oddrun Malum Bjørdal, gravferdskonsulent (100 %)

Hilde Vartdal Clausen, gravferdskonsulent (80 %)

Linn Therese Bøen Kalvø, Rekneskap/gravferdskonsulent (80 %)

Begravelsesbyrået ynskjer å få vere til hjelp for pårørande i ein tung og vanskeleg situasjon. Vi er takksame om misjonsfolket vil hugse på dei tilsette i bønene sine. Styret vil rette ei stor takk til dei tilsette for ein fin innsats siste driftsåret.

Styret for Begravelsesbyrået Sunnmøre AS:

Harry Valderhaug - formann, Jostein Molvær - nestformann, Linbjørg Sunde, Ole Bjørn Vik

Tilsette i Begravelsesbyrået Sunnmøre AS



F.v. Linn Therese Kalvø, Oddrun Malum Bjørdal, Kjell Runar Stige, Hilde Vartdal Clausen.

Johan R!

Butikken som har meir enn du trur!



BRUKT OG NYTTIG

VALDERØYA

Tirsdag kl. 11-15

Onsdag kl. 11-15

Torsdag kl. 11-15

Fredag kl. 11-15

Laurdag kl. 11-15

Velkommen innom !

- Pene ting blir stadig lagt fram for salg!



RESULTAT

IMF SUNNMØRE

	Note	2022	2021
Driftsinntekter og driftskostnader			
3000 Salg av annonser		117 600	106 300
3010 Arrangement/matsalg		136 506	126 681
3040 Salg av Bøker		1 023	1 195
3120 Inntekt arr. Ung Misjon		9 556	1 100
Salgsinntekter		264 685	235 276
3125 Foreningsgaver Ung Misjon		5 000	3 000
3130 Foreningsgaver		863 080	761 220
3135 Brukt og Nyttig		335 000	150 000
3140 Kirkegaver		19 086	2 512
3150 Private gaver		73 550	16 325
3160 Kollekt		373 918	111 422
3170 Prosjekt barne og ungdomsarb.		112 300	116 000
3180 Fast givertjeneste		590 627	685 234
3200 Vårgave		99 344	112 972
3210 Sommergave		53 950	75 799
3220 Høstgave		61 050	78 583
3230 Julegave		33 639	84 872
3240 Årsmøtegave		111 850	84 500
Gaver		2 732 393	2 282 439
3100 Fylke /kommunale tilskudd		-	15 000
Offentlige tilskudd		-	15 000
3110 Tilskudd fra Kristelig Studieråd		960	-
3620 Strøm Radio Sunnmøre		6 000	6 000
3710 Momskompensasjon		237 931	287 373
3850 Salgssum anleggsmidler, unntatt avgift		492 617	-
3900 Andre inntekt.(test. gave)		25 663	78 357
Annen driftsinntekt	1	763 170	371 730
SUM DRIFTSINNTEKTER		3 760 249	2 904 444
5000 Lønn til ansatte		2 532 197	2 164 391
5050 Utleie personell		-1 567 557	-1 380 746
5080 Lønn ved sykdom uten aga		31 254	303 306
5100 Honorar		41 200	20 700
5109 Motkonto honorar, kostnadsført på andre		-	-3 000
5180 Feriepenger beregnet		318 827	308 387
5182 Arb.avg. på løpne feriepenger		44 955	43 483
5200 Leie av talerhjelp ImF		415 205	450 269
5201 Leige av talere - frivillige		190 631	13 328
5210 Fri telefon		1 893	2 808

5280 Annen fordel i arbeidsforhold		-	8 149
5290 Motkonto gruppe 52		-1 893	-8 149
5330 Styrehonorar		50 000	-
5400 Arbeidsgiveravgift		400 188	333 765
5420 Innberetningspl. pensjonskostnader		164 283	128 126
5421 Innberettet pensjon		212 672	167 661
5490 Motkonto inberettet pensjon		-212 672	-167 661
5510 Bilgodtgjørelse skattepliktig del		248	3 416
5800 Refusjon sykepenger		-31 254	-303 306
5890 Refusjon av lønn		-	-
5910 Gruppeliv		8 147	9 019
5920 Yrkesskadeforsikring		6 810	6 386
5930 Personalulykke		4 545	4 810
5940 Uførekapital		37 665	39 860
5950 Personalforsikr. til refusjon		51 433	36 933
5990 Annen personalkostnad		27 731	52 644
Lønnskostnad	2	2 726 507	2 234 579
6200 Elektrisitet		14 480	30 595
6300 Leie lokaler		78 600	72 700
6350 Alarm		3 195	2 508
6500 Datakostnader		29 292	44 219
6540 Inventar		-	23 385
6550 Innsamlingskostnader		38 185	40 688
6700 Revisjonshonorar		15 000	15 088
6710 Materiell Ung Misjon		3 000	3 000
6720 Regnskapshonorar		146 096	143 238
6730 Administrasjonstilskudd		9 294	5 639
6800 Kontorrekvisita		42 597	35 942
6840 Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.		4 170	4 629
6860 Kurs, møte, oppdateringer		76 057	45 681
6870 Arrangement		303 927	69 760
6900 Telefon		28 637	28 020
6940 Porto		21 868	27 442
6950 Porto Heimemisjonen		-	-
6960 Trykking Heimemisjonen		45 000	45 000
7100 Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig		37 506	39 858
7140 Reisekostnad, ikke oppg.pliktig		9 237	6 382
7141 KM og diett under oppg.plikt		-	588
7320 Reklamekostnad		26 000	12 115
7700 Kostnad i forb med restamentarisk gave		1 041	-
7710 Styre- og bedriftsforsamlingsmøter		15 004	14 266
7730 Ålesund Bedehus		-	-
7735 Fermate Sunnmøre		20 000	20 000
7770 Bank og kortgebyrer		7 089	7 857
7780 Anne kostnad Ung Misjon		-	-
7785 Arrangement Ung Misjon		1 359	-
7786 Kostnader leir		623	2 677
7787 Støtte til underavdelinger		80 000	-
7790 Annen kostnad		11 759	28 325
7799 Avrundingskonto		0	0

Annen driftskostnad	1 069 017	769 601
SUM DRIFTSKOSTNADER	3 795 525	3 004 180

DRIFTSRESULTAT	-35 275	-99 735
-----------------------	----------------	----------------

Finansinntekter og kostnader

8020 Inntekt aksjeutbytte	200 000	30 000
8030 Renteinntekt Ålesund Bedehus	-	-
8050 Annen renteinntekt	40 560	4 254
8059 Annen renteinntekt	-	-
8070 Aksjeutbytte fra norske foretak	64	-
Annen renteinntekt	240 624	34 254
8130 Renter/provisjon kassekreditt NLM Konser	-	-
8131 Rentekostnad vedr. lån fra NLM Låneavreg	-	-
8151 Renter/provisjon kassekreditt (andre ban	-	-
8155 Rentekostnad leverandørgjeld	-	-
8159 Rentekostnad bank	-	-
Annen rentekostnad	-	-

RESULTAT AV FINANSPOSTER	240 624	34 254
---------------------------------	----------------	---------------

Ordinært resultat før skattekostnad	205 349	-65 482
-------------------------------------	---------	---------

8300 Betalbar skatt	-	-
Skattekostnad på ordinært resultat	-	-

ÅRSRESULTAT	205 349	-65 482
--------------------	----------------	----------------

Overføringer og disponeringer

8960 Overføringer annen egenkapital	-205 349	65 482
Overføring til/fra annen egenkapital	3	65 482
8965 Overføringer bundet egenkapital	-	-

Sum disponert	-205 349	65 482
----------------------	-----------------	---------------

Balanse

IMF SUNNMØRE

EIENDELER	Note	2022	2021
<u>Anleggsmidler</u>			
1810 Aksjer Begravelsesbyrået Sunnmøre AS		250 000	250 000
1870 aksjer IMF sunnmøre Holding AS		30 000	30 000
Investeringer i datterselskap	4	280 000	280 000
1390 Lån Møre Skodje AS		500 000	500 000
Lån til datterselskap/undervirksomheter	5,6	500 000	500 000
1820 Aksjer Plusstreiser Holding AS		144 000	144 000
1840 Aksjer Bygderadio Vest AS		8 750	8 750
1850 Aksjer Mediehuset Dagen AS		5 000	5 000
Investeringer i aksjer og andeler	4,7	157 750	157 750
1320 Lån Stiftelsen Møre Barne- og Ungdomsskule		500 000	500 000
1330 Lån til Brusdalsheimen Sunnmøre Indremisjon		300 000	300 000
1340 Lån Stiftelsen Møre Ungdomsskule		700 000	700 000
Andre lån	5	1 500 000	1 500 000
SUM FINANSIELLE ANLEGGSMIDLER		2 437 750	2 437 750
SUM ANLEGGSMIDLER		2 437 750	2 437 750
<u>Omløpsmidler</u>			
Fordringer			
1500 Kundefordringer - ordinær		87 450	14 646
Kundefordringer	6	87 450	14 646
1572 Utlegg på vegne av andre		14 824	11 618
1550 Sjøholt folkehøgskole		500 000	500 000
1740 Forskuddsbetalt forsikring		-0	57 167
1749 forskuddsbetalte kostnader		67 837	-
1790 Mellomregning fast giver fra IMF.		164 964	160 114
1791 Påløpt andre inntekter		-0	30 000
2996 Samarbeid om arrangement		2 263	-
2998 Samarbeid med P7		4 018	-0
Andre fordringer		753 906	758 899
